



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
02.10.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/8483 733.1  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Oversending av program - tilsyn med Lindås kommune 24.-27. oktober 2017

Vi viser til melding om tilsyn i brev av 30. juni 2017.

Takk for tilsendte opplysningar og hjelp med tilrettelegging av tilsynet.

Program for tilsynet er vedlagt.

For gjennomføring av opnings- og sluttmøtet treng vi eit rom med plass til om lag 20 personar. Vi ber om at det er ein projektor tilgjengeleg i møterommet for opnings- og sluttmøtet. Intervjuet kan gjennomførast i det same rommet eller eit mindre rom med plass til 6 - 8 personar.

Vi ber om at alle som er sette opp til intervju får informasjon om program og møtestad. Det er frå vår side ønskjeleg at dei er til stades under opnings- og sluttmøtet. Andre tilsette som på ein eller annan måte er involverte i tilsynet, eller har oppgåver knytt til tema for tilsynet, kan også delta på desse møta. I opningsmøtet gir vi ei kort orientering om tilsynet og den praktiske gjennomføringa. I sluttmøtet gir vi tilbakemelding om funn og konklusjonar, og om rapporten som blir utarbeidd etter tilsynet.

Dersom nokon av dei personane som er valde ut til intervju ikkje kan møte på dei oppsette tidspunkta, ber vi om å bli orienterte slik at vi kan justere programmet eller velje andre. Ver venleg å gje beskjed dersom titlar er feil og eller om namn er skrivne feil.

Vi ber om tilbakemelding frå kontaktperson for tilsynet, Grethe Korsøen, så snart som råd og **før 13. oktober** om tilsynet kan gjennomførast i samsvar med det oppsette programmet.

Intervju med tenestemottakarar blir gjennomført 24. oktober. For gjennomføring av samtalane treng vi to møterom i tidsrommet kl. 1400-ca. kl. 1700.

Som del av tilsynet vil vi gjere stikkprøver i eit utval pasientjournalar/saksmapper i helse- og omsorg og sosiale tenester i NAV. Heimel for å tilgang til opplysningsane følgjer av helse- og omsorgstenestelova § 5-9, pasientjournallova § 26 og sosialtenestelova § 9. Tidspunkt for gjennomgang av journalar/mapper den 24. og 25. oktober går fram av vedlagte program.

Vi har motteke opplysningar om nokre tenestemottakarar. Dersom journal/sak er ført delvis elektronisk og delvis i papir, treng vi tilgang til begge. Vi treng også tilgang til individuelle planar og referat frå ansvarsgruppemøte.

Den 24. oktober ber vi om å få lagt fram liste med namn på personar i målgruppa for tilsynet som i løpet av 2017 har søkt NAV om tenesta opplysning, råd og rettleiing jf. sosialtenestelova § 17 og eller tenester jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nummer 6, bokstav b.

Vi ber også om å få liste med namn på personar i målgruppa for tilsynet som har søkt forvaltningskontoret om helse- og omsorgstenester etter 1. juni 2017.

Vi treng tilgang på fire pc-ar med eige brukarnamn og passord for tilgang til fag-/journalsistema. Opplysningar som de treng for å opprette brukarnamn og passord til tilsette hos Fylkesmannen i Hordaland, blei overlevert i møtet 31. august.

Tilsynet blir utført av erfaringskonsulent Solveig Bartun Rob,rådgjevar Hanne Hegvold Berentsen, seniorrådgjevar Marta Havre, seniorrådgjevar Torill Vebenstad og seksjonsleiar Anne Grete Robøle.

Statens helsetilsyn har oppmoda fylkesmennene om å ha personar med brukarerfaringar med i planlegging og gjennomføring av tilsyn. Vi har inngått avtale med Solveig Bartun Rob. Ho har teieplikt om alle opplysningar som ho får kjennskap til ved tilsynet.

Ver venleg å ta kontakt dersom de har spørsmål om tilsynet og den praktiske gjennomføringa av dette. Kontaktpersonar er Anne Grete Robøle, [fmhoagr@fylkesmannen.no](mailto:fmhoagr@fylkesmannen.no) og Marta Havre, [fmhomhv@fylkesmannen.no](mailto:fmhomhv@fylkesmannen.no)

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Marta Havre  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

Kopi med vedlegg:  
Grethe Korsøen, [grethe.korsoen@lindas.kommune.no](mailto:grethe.korsoen@lindas.kommune.no)